

Bestandsplan for Vik hjorteviltområde 2022-2024

Vidareføring av bestandsplan 2016-18 og 19-21



Siri Wølneberg Bøthun

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 - 2024

<p><i>Tittel:</i> Bestandsplan for Vik hjorteviltområde 2019-21, basert på bestandsplan 2016 – 18 og 2019 - 21.</p>	<p><i>Rapportnr:</i> 1-2016, revidert 2019 og 2022</p>
<p><i>Forfattar:</i> Siri Wølneberg Bøthun</p>	<p><i>Dato:</i> 30.04.2019/01.05.2022</p>
<p><i>Referanse:</i> Bøthun, S. W. 2022. Bestandsplan for Vik hjorteviltområde. Siri Bøthun Naturforvaltning rapport 1-2016, revidert 2019 og 2022.</p>	
<p><i>Oppdragsgjevar:</i> Styret for Vik hjorteviltområde</p>	<p><i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Tore Røyrvik / Harald Hanekam</p>
<p><i>Referat:</i> Vik bestandsplaneområde tek utgangspunkt i Vik kommune sine arealgrenser som naturleg avgrensing av eit samanhengande leveområde for hjort, med låg grad av utveksling mot tilgrensande område. Vald tilsvarande 90,7% av teljande areal i kommunen er tilslutta bestandsplanen. Hovudmålet med avskytingsplanen i inneverande planperiode er å stabilisere stamma. Uttaket skal tilpassast valda sine vurderingar i høve til aukande/minkande press i eigne område, og elles generelt være høgare enn snittet i skadeutsette område. Ein søker eit uttak av 60 % kalv- og ungdyr, og ei lik fordeling mellom kjønna. Det vert teke sikte på ei årleg avskytning på 452,3 dyr i snitt, totalt 1357 dyr i planperioden, der kvota er fordelt med noko høgare kvote første året enn dei to neste, for å gje moglegheit til å ta ned ei evt. auke. Bestandsplanen er vedteken av styret for bestandsplanområdet etter innspel frå valda. Berre tilslutta vald er inkluderte i planen.</p>	
<p><i>Forsideillustrasjon:</i> Jakt i Storeldalen, Fresvik storvald</p>	<p>Emneord: Bestandsplan, Hjort</p>
<p><i>Produsert av:</i> Sogn Naturforvalting AS Fresvikvegen 995 6896 Fresvik Tlf. 97514784 post@sbnatur.no</p>	

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 - 2024

Forord

Denne planen er den tredje bestandplanen for Vik hjorteviltområde, gjeldande for treårsperioden 2022 – 2024.

Planen bygger på bestandsplan for dei gjennomførte periodane 2016 - 2018, og 2019 – 2021. Forvalting etter planen er vurdert som vellukka av bestandsplanstyret, og ein ynskjer ei vidare-føring med høg grad av tilpassing til dei ulike valda sin oppfatning av stamma si utvikling. Planen er førd i pennen av Sogn Naturforvalting på oppdrag for Vik Hjorteviltråd. Vik Hjorteviltråd nedsette eit interimstype som saman med Landbrukskontoret i Vik, v. Veronika Seim Bech var referanse-gruppe for bestandsplanarbeidet i 2015/16. Tore Røyrvik var leiar av interimstype, elles besto styret av Ola Engum, Harald Hanekam, Omar Vangsnes, Geir Ove Bøthun og Ingvar Vangsnes. Vik hjorteviltområde vart stifta og valdleiarane frå storvalda samt to representantar for dei mindre valda vart etablert som bestandplanstype. I inneverande plan er styret leia av Harald Hanekam.

Planeigar er Vik hjorteviltområde, som er eit samarbeid mellom dei inkluderte valda med eit eige, årsmøtevald, styre. Hjorteviltområdet, ved styret, er sjølv ansvarleg for planen, og for oppfylging av tiltak og rullering. Etter godkjenning frå Vik kommune vert planen gjeldande som grunnlag for kvotetildeling.

Planen har vore på høyring i valda både ved utarbeiding og rullering. 20 av i alt 27 vald, inklusive 5 storvald, er tilslutta planen, det vil seie 90,7% av teljande areal i Vik kommune.

Fresvik/Vik, 10.05.2016 / 03.04.2019 / 04.04.2022

Siri Wølneberg Bøthun / Tore Røyrvik / Harald Hanekam

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 - 2024

Innhold

<i>Forord</i>	<i>iii</i>
<i>Innhold</i>	<i>iv</i>
1 <i>Innleiring</i>	1
1.1 Lovgrunnlaget	1
2 <i>Bestandsplanområdet</i>	2
2.1 Avgrensning og storleik.....	2
2.2 Naturgrunnlag.....	5
3 <i>Planperiode</i>	7
4 <i>Målsetting</i>	7
5 <i>Organisering, drift og økonomi</i>	8
6 <i>Kunnskapsgrunnlag</i>	9
6.1 Arealbruk og områdeavgrensing.....	9
6.1.1 Bruk av området gjennom året	9
6.1.2 Hovedtrekkeruter; internt og mot naboområder	9
6.2 Bestandsutvikling	13
6.3 Irregulær avgang, trafikkskade	24
6.4 Skog- og avlingsskade	25
7 <i>Handlingsdel</i>	26
7.1 Avskytingsplan	26
7.2 Fordeling på valda	27
7.3 Tiltaksplan	28
7.4 Evaluering og rullering av planen.....	30
Kjelder	31
Vedlegg	

1 Innleiing

Vik hjorteviltråd tok i 2015 initiativ til å få utarbeidd ein overordna bestandsplan som omfattar alle valda i kommunen. Som ein del av planprosessen vart det stifta eit interimstyre for bestandsplanområdet. Det første årsmøtet, beståande av tilslutta vald, valde eit eige styre for Vik Bestandsplanområde, styret står ansvarleg for bruk og rullering av planen.

Vik kommune har ei sterk og god hjortestamme. I fylgje innspel til planarbeidet frå hjorteviltrådet i 2015/16 var dei fleste valda då nøgde med storleiken på stamma, og ynskte ei forvaltning som heldt stamma stabil, samstundes som ein gjennom ulike tiltak ynskte å minske omfanget av trafikkskader og skadeomfanget på skog og innmark. Påkjørsle av hjort og beiteskade på skog og innmark har ei klår samanheng med tettleiken på stamma, noko som og lyt vere med i vurderingane i planen. Kommunen har eit bestandsområde som naturleg grensar mot fjord i nord og mot høgfjell i sør. Det er ei trekkroute over eit fjellskard mot Legdene og Dyrdal i Aurland i aust, og i vest er det både ei trekkroute over fjellet og ei felles liside og strandsone mot Høyanger. Avgrensinga er i hovudsak gjort ut frå geografiske tilhøve. Det er og praktiske, organisatoriske grunnar til at ein ikkje har gått inn i eit større bestandsplanområde med Aurland, då hjorteviltrådet prioriterer å få ein plan som fungerer som ein god plattform for praktisk samarbeid.

Eit mål med å utarbeide ein bestandsplan er å samanstille den kunnskapen som finst om hjort i Vik kommune slik at denne kan nyttast som eit grunnlag for ei heilskapleg forvalting.

Bestandsplanen er ei rettesnor ved tildeling av løyver til valda i kommunen. Løyvetildelinga vil framleis gå til dei einskilde valda, og jakta i dei respektive vald kan gå føre seg utan endring. Planen opnar ein moglegheit for samarbeid (samjakt) mellom dei tilslutta valda ved å flytte løyver internt i bestandsplanområdet, då etter skriftleg avtale mellom valda dette gjeld.

1.1 Lovgrunnlaget

Utarbeidning av bestandsplan fylgjer hjorteviltforskrifta (Forskrift om forvaltning av hjortevilt FOR-2016-01-08-12), § 2, definisjoner, pkt. f og h, § 12 «Krav til bestandsplanområde...», og § 15, «Krav til bestandsplan...». For at området skal vere gyldig som bestandsplanområde må alle vald som inngår i området tilslutte seg skriftleg til bestandsplanen.

§ 12 KRAV TIL BESTANDSPLAN-OMRÅDE FOR ELG OG HJORT

Et bestandsplanområde er to eller flere vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanområdet må disponere et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet.

Bestandsplanområdet skal oppnevne en representant som opptrer på vegne av bestandsplanområdet overfor kommunen.

Saksa frå forklaringa til forskrifta:

Valdene i et bestandsplanområde kan samarbeide om bestandsutvikling og jaktutøvelse på et mer overordna nivå. Jaktrettshaverne kan for eksempel velge løsninger som gjør jakta mer fleksibel og effektiv ved å styre jakttrykket til ønskelige deler av bestandsplanområdet (bestemte vald) gjennom vedtekter eller skriftlige fellesjaktavtaler, jf. § 19.

Vald som står utanfor samarbeidet må søke kommunen om løyver på vanleg vis, og får tildelt kvote jfr. lokal forskrift om minsteareal for tildeling av fellingsløyver. Gjeldande lokal forskrift om minsteareal for hjortevald i Vik kommune vart vedteke i 2008, med eit arealkrav pr. løyve til 600 daa. Dette arealkravet kan endrast ved forskriftsendring når kommunen ser det som rett i høve til målsettingane med bestandsforvaltninga av hjort. Bestandsplanen for Vik bestandsplanområde vil verte eit viktig innspel til arealkravet pr. løyve. Det heiter i forklaringane i hjorteviltforskrifta m.a. at «*Kommunen bør samarbeide med jaktretts-haverne for å oppnå en struktur på bestands-planområdene som er hensiktsmessig for forvaltning av vedkommende art. Spesielt bør det arbeides for at alle vald som naturlig tilhører samme bestandsplanområde, blir med i samarbeidet. Vald som havner innenfor yttergrensene til et bestandsplanområde, men som ikke vil tilslutte seg bestandsplanområdet regnes ikke som en del av bestandsplanområdet.*»

Målsettingar og tiltak i planen er i tråd med Viltlova (Lov om jakt og fangst av vilt LOV-1981-05-29-38), Naturmangfaldlova (Lom om forvaltning av naturens mangfold LOV-2009-06-19-100) særleg § 4, 5, 8 og 15 - 18, og Lov om dyrevelferd (LOV-2009-06-19-97) særleg § 3, 4, og 20.

2 Bestandsplanområdet

2.1 Avgrensing og storleik

I det første utkastet til bestandsplan la ein til grunn 254.062 dekar teljande areal i heile Vik kommune, fordelt på 25 vald. Det er ved planrullering i 2022 totalt 27 godkjende hjortevald innafor kommunen i varierande storlek med eit totalt areal på 263.957 daa (etter justerte grenser og digital arealbereking i 2019). Mellom desse er det 5 etablerte storvald. 10 einskildvald valde å stå utanfor samarbeidet i første planperiode, og eitt vald melde seg ut i løpet av den perioden. Dette utgjorde til saman 38.709 daa. 4 nye vald ynskte å være med i bestandsplanområdet ved rullering i 2019 og ytterlegare to vald melde seg inn ved rullering i 2022. I ny planperiode 2022 – 2024 er 20 av kommunen sine 27 vald med i planen, med eit samla areal på 239.322 daa teljande areal. Med det er 90,7% av arealet med i planen. Med unnatak av nokre få, mindre vald er bestandsplanområdet samanhengande frå Fresvik i aust til Arnafjord storvald i vest. Vidare vestover frå Arnafjord har einskildvald tilslutta seg planen medan fleirtalet av vald står utanfor samarbeidet.

Vik bestandsområde har i all hovudsak grensar som vert naturleg skapt av terrenget. Det grensar mot fjord i nord og mot høgfjell i sør. Med denne avgrensinga har ein utveksling mot naboområde på to plassar, denne utvekslinga utgjer ein så liten del av bestanden at ein ligg trygt innanfor ein tommelregel om at bestandsplanområde skal innehalde minst 80% av bestanden til ein kvar tid.

Andelen av dyr som trekker inn/ut er liten. Det er gjort grundige vurderingar ang. moglegheita for samanslåing med vald i nabokommune. Styret for bestandsplanområdet kan ikkje sjå at dette vil kunne gje nokon alternativ avgrensing med mindre andel utveksling inn/ut av området enn ei avgrensing som fylgjer kommunegrensa for Vik. Den viktigaste utvekslinga skjer over eit fjellskard i Fresvik mot Legdene og Dyrdal i Aurland i aust. Det er og noko utveksling i vest, der det er ei felles, bratt liside inklusive strandsone mot Høyanger. Sjølv om avgrensinga i hovudsak er gjort ut frå geografiske tilhøve er det og teke praktiske, organisatoriske omsyn. Hjorteviltrådet prioriterer å få ein plan som fungerer som ein god plattform for praktisk samarbeid. Samarbeid med vald utanfor kommunen vil m.a. innebere at medlemmane i bestandsplanområdet vil få urimeleg lang og/eller krevjande reiseveg for å kunne møtast.

Vald tilslutta bestandsplanen

Valdnamn	Teljande areal
Hanekamb	1 922
Arnafjord Storvald	21 446
Dale	7 220
Hauglum/Bungum	4 105
Vik Vest Storvald	35 722
Eitrestrondi	2 708
Seim	5 577
Vik Aust Storvald	58 665
Feios Storvald	32 901
Snytta	4 366
Strendene	5 773
Hovsmarki	2 963
Fresvik Storvald	38 007
Borlaug Indre	1 405
Hallsetdalen	2 400
Hanekambdalen	950
Heljedalen	642
Storagejelet	1 192
Finden	9 337
Alrek	2 000
Sum	239 322

Tabell 1 Valdoversikt Vik Bestandsplanområde.
Mrk. Nye areal jfr. digital berekning i 2019

Vald i Vik kommune

Valdnamn	Teljande areal
Hanekamb	1 922
Arnafjord Storvald	21 446
Dale	7 220
Hauglum/Bungum	4 105
Vik Vest Storvald	35 722
Eitrestrondi	2 708
Seim	5 577
Vik Aust Storvald	58 665
Feios Storvald	32 901
Snytta	4 366
Strendene	5 773
Hovsmarki	2 963
Fresvik Storvald	38 007
Borlaug Indre	1 405
Hallsetdalen	2 400
Hanekambdalen	950
Heljedalen	642
Storagejelet	1 192
Finden	9 337
Alrek	2 000
Vøvringen	2 900
Vetlesand	3 439
Stavedalen	2 600
Sylvarnes	4 924
Vollevik	2 959
Finnabotn	3 718
Geithus	4 095
Sum	263 957

Tabell 2 Valdoversikt Vik kommune

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024



Figur 1. Kart over hjortevalda i Vik kommune.

2.2 Naturgrunnlag

Bestandsplanområdet utgjer store delar av Vik kommune. Kommunen ligg i Sogn, på sørsida av Sognefjorden. Klimaet er kystpåverka, men i mindre grad enn område lengre ut i fjorden. Årsnormalar for temperatur ligg på 6-8 C° langs fjorden, men synker raskt til 0-2 C°, i fjellet. Terrenget er typisk for Sogn, med bratte lisider der det er kort avstand frå fjord og lågland til fjell. Småelvar og bekker stuper ned lisidene, ofte nede i skarpe, bratte gjel. Lisidene er i hovudsak nordeksponerte, noko som påverkar veksttilhøva mykje i høve til samanliknbare lisider som er sørvende.


Vik har boreale- og alpine vegetasjonssonar, dvs. barskogs-sona og fjellområde. Spesielt for vestlandet er at ein finn fleire vegetasjonssonar innanfor korte avstandar pga. det bratte terrenget. Nedst langs fjorden er ein i mellomboreal, her dominerer boreal lauvskog, dvs. lauvskog med treslag som ikkje rekna som edellauvtre; bjørk, gråor, osp, selje og rogn er dei vanlegaste. Innimellom finn ein lunare lommer, nokre flekkar med sørboREAL vegetasjonssone. Her veks gjerne edellauvskog, ein finn både lindeskog og skog med mykje hassel, ask, og noko alm innanfor kommunen. Oppover i lisida tek etter kvart ein reinare bjørkeskog over, ein er då inne i nordboreal, der fjellbjørkeskogen dominar saman med myr, før ein kjem opp i fjellet, til alpine vegetasjonssonar. Vik har i all hovudsak lauvskog, med unnatak av Fresvikåsen og utmarksområde over Vangsnes, der ein finn furuskog og blandingsskog med lauv- og furu. Det finst og til dels store areal med planta granskog, noko i lisidene mot fjorden, men i størst omfang i bratte skogslier inne i dalene.

Større elvar fylgjer dalbotnen i dalane. Landbruksarealet er knytt til desse slakare dalane, der innmarka ligg i dalbotnen, på terrasseskråningar og i nedste del av dei bratte lisidene. Hovudtyngda av busetnaden ligg i dalane, med unnatak av Vangsnes, som er eit langt nes med slakt terreg, ega for oppdyrkning og busetnad. Ovanfor innmarka ligg eit belte med skog før ein kjem opp i fjellet. Skoggrensa ligg mellom 700 og 800 moh., ho er pr. dato stigande.

Berggrunnen er over store areal dominert av harde, seint forvitrande bergartar, med for det meste typar av gneis i vest. Her gjev berggrunnen lite, og vegetasjonen er dominert av fattige, dvs. alminnelege typar. I fjellområda, frå område på begge sider av Vikafjellsvegen og austover er berggrunnen rikare. Særleg i ein akse sørvest-nordaust sentralt i kommunen ligg ei sone med fyllitt og glimmerskifer. Vidare finn ein mangeritt, gabbro og amfibolitt når ein kjem vidare austover. Dette er bergartar som forvitrar høvesvis lett, dei er og dels kalkhaldige. Det gjev grobotn for ein rikare flora. Slike fjellområde gjev særskilt gode beitetilhøve for både bufe og vilt. Heilt i aust, i områda mot Nærøyfjorden, finn ein anortositt. Dette er ein hard bergart men den kan gje næringstilgang i knusingssonar, som i forkastingar og i øvre delar av rasmark, der ein finn finmateriale.

Lausmassedekket er tynt mange steder, med stadvis skred- og forvitningsmateriale. I jordbruksområda finn vi morenejord, og nokre elve- og breelvavsetningar i nedre delar, gjerne med skredmateriale i område ovanfor og inst i dalane (sjå Figur 2). Lausmassedekke har stor betydning for boniteten i skogen.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024



Løsmasser
(forenklet tegnforklaring)

- Tynn morene
- Tykk morene
- Avsmeltingsmorene
- Randmorene
- Breelvavsetning
- Bresjø-/innsjøavsetning
- Tynn hav-/strandavsetning
- Tykk havavsetning
- Marin strandavsetning,
- Elveavsetning
- Vindavsetning
- Forvitringsmateriale
- Skredmateriale
- Steinbreavsetning
- Torv og myr
- Tynt humus-/torvdekke
- Fyllmasse
- Bart fjell, stedvis tynt dekke

Figur 2 Lausmassekart for Vik kommune, kjelde: www.ngu.no

Oppsummert gjer dette at kommunen har gode hjorteterreng, med ein produksjon av næringsplante for hjorten som lyt reknast som alminneleg, korkje spesielt rikt eller nemneverdig svakt. Nokre av dei rikare fjellbeita kjem nok også hjorten til del, sjølv om desse er meir nytta til bufebeite og av villrein.

3 Planperiode

Bestandsplanen er gjeldande fom 2022 tom. 2024. Etter 2 år (2023) kan det gjerast ei evaluering av planen med vedtak i styret ang. vidareføring eller evt. justeringar for det 3. året i perioden.

4 Målsetting

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å redusere hjortestammen noko, og stabilisere den. Tidlegare målsetting har vore å stabilisere hjortestammen på 2016-nivå, bestandsplanstyret fristiller seg no frå dette som mål, då det er vanskeleg å måle stammestørleiken konkret. Stammeauka som har vore dei siste to bestandsplanperiodane er ikkje ynskjeleg, fordi hjortebestanden skal ligge på ei ramme som er berekraftig med tanke på jord- og skogbruk, og med omsyn til dyrevelferd, naturmangfold og samfunnstryggleik. Ein ynskjer å oppnå ei føreseieleg bestandsutvikling for å ta vare på høvet til rekreasjon og næringmessig utnytting av hjorten.

Delmål:

- Ha ein høg produktivitet i bestanden gjennom investering i gode produksjonsdyr gjennom å
 - Halde fram med ein høg andel vaksne koller og eldre bukk i bestanden
 - Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden
- Stabilisere slaktevektene på kalvar og ungdyr på eit nivå tilsvarande 2005-15
- Redusere skadeomfanget på skog og innmark og minske trafikkskade
 - Ha eit større uttak i skadeutsette område enn i område utan opplevd skade frå hjort
- Betre avgjerslegrunnlaget for forvaltinga
- Halde fram med eit godt samarbeidet mellom rettigkeitshavarane og inkludere fleire i arbeidet med forvaltninga

Uttaket i første planperiode (2016 – 18) var høgare enn forventa grunna høg fellingsprosent, med eit særleg høgt uttak i 2017. Ein hadde og noko reduksjon av stamma pga. høg vinterdødelegheit vinteren 2017/2018. Det vart difor lagt opp til eit noko høgare uttak i planperioden for 2019-21, då gjennom å auke kvoten for dei valda som ynskte å redusere skade eller førebygge mot skade som kan oppstå ved vekst i stamma. Fallingsprosenten held fram med å auke, og ei vårteljing som synter særleg mykje dyr på bøane om våren 2021 samt erfaringar utover i jakta, førte til ei tilleggskvote på 51 løyver. Det vart difor teke ut vesentleg fleir dyr enn forventa i førre planperiode. Dersom stamma framleis er i vekst, vil eit framhald av nivået på kvota frå førre planperiode ikkje ta ut heile overskotet, og me vil få framhald av auke i stamma. I komande planperiode bør uttaket være større enn tilveksten minst det første året og helst både første og andre år, slik at me får ein stammereduksjon.

5 Organisering, drift og økonomi

Bestandsplanområdet vert drive av eit eige styre etter vedtekter og vedtak fatta i årsmøte. Styret består av ein representant frå kvart av dei inkluderte storvalda. Småvald som sluttar seg til bestandsplanen kan segimellom velje inntil to representantar, desse bør kome frå kvar sin geografisk gruppering med småvald.

Saksa frå forklaringa til hjorteviltforskrifta §12

Vedtekter

Forskriften stiller ikke krav om at det skal utarbeides vedtekter eller annen form for samarbeidsavtale for bestandsplanområdet. Av hensyn til ivaretagelse av privatrettslige forhold anbefales det likevel at vedtekter eller samarbeidsavtale alltid utarbeides ved opprettelse av et bestandsplanområde.

NB! Styret har ansvaret for utarbeiding og rullering av felles bestandsplan. Dei tiltaka i tiltaksplanen som krev ei felles organisering skal og leiest av styret. Styret kan og utføre arbeid knytt til informasjon, kompetanseheving og auka oppslutnad så langt ein har kapasitet og finn økonomiske midlar til dette. Styret kan engasjere sekretærhjelp og leige inn konsulenthjelp dersom arbeidsomfang og/eller kravet til kompetanse gjer det naudsnyt. Dersom styret leiger inn betalt hjelp skal arbeidet skje etter arbeidsplan og budsjett utarbeidd i samråd med styret. Arbeidet skal i hovudsak finansierast gjennom midlar frå fellingsavgiften og viltfondet til kommunen. Alle vald som er inkludert i bestandsplanområdet får behalde fellingsavgifta for kalv. Bestandsplanstyret vil ikkje ha sin eigen økonomi, men søker viltfondet om midlar etter behov.

Det einskilde vald sluttar seg skriftleg til og vil då få tildelt fellingsløyve jfr. fordelinga i bestandsplanen. Kommunen lyt godkjenne bestandsplanen for at den skal være gyldig. Talet på fellingsløyver vert då berekna ut frå det totale bestandsplanområdet, men eit fast tal løyver vert tildelt spesifikt til det einskilde valdet. Løyver kan flyttast mellom vald gjennom samjaksavtalar. Samjaksavtalar lyt vere skriftleg mellom partane. Fellingsresultatet skal rapporterast gjennom det valdet der løyva er tildelt. Kommunen bør orienterast om kor mange dyr som er felt på andre vald som samjakt.

6 Kunnskapsgrunnlag

6.1 Arealbruk og områdeavgrensing

6.1.1 Bruk av området gjennom året

Hjorten i kommune nyttar seg av ulike område gjennom året. Ein ser at lisidene, og skogsområda i det heile, er hovudtilhaldstad om vinteren og fram til kalvingstid om våren. Om vinteren og tidlig vår held dyra seg i lågare delar av terrenget, der dei har korte trekk. Det er vanleg at dyr trekk ned i fjæra for å beite tang på fjøra sjø, noko som er sterkt medverkande til faren for hjortepåkjørsler, ettersom det går vegar langs fjorden på lange strekningar. Dyra kjem gjerne ned på innmarka når den vert tilgjengeleg, og grønast om våren. Hovudtyngda av skogskaden skjer om vinteren, særleg gjeld det gnag på borken i granplantefelt. Kollene kan ha konkrete, lengre trekk for å finne sin faste kalvingsplass.

Om sommaren, og eit godt stykke utover hausten er det sjeldnare å sjå hjort nær bygdene. Det meste av bestanden går høgt, og beitar i øvre delar av lisidene, gjerne heilt opp i skoggrensa. Stølsdalar både under og over skoggrensa tilbyd og gode beite, og har mykje hjort denne perioden. Grunneigarar og jegerar noterar seg ein tendens til at ein større del av hjorten verkar å nytte seg av fjell/fjellnære område. Ein har og dei seinare åra observert at dyra kjem seinare ned i dalane og lægre delar av lisidene enn kva som har vore vanleg. Hjort, og hjortespør kan og observerast på høgfjellet, dette er einskilddyr som nytter fjellet til å trekke over til nabodalar (så vedlagt kart over hovudtrekk, vedlegg 2). Som ein konklusjon kan ein slutte at hjorten i bestandsplanområdet nyttar seg av alt utmarksareal, og dessutan og ein del innmarksareal, frå fjæra og opp til skoggrensa og like over skoggrensa, inklusive høgtliggende, grøderike stølsdalar.

Jegerane ser som nemnd ei utvikling mot at dyra kjem gradvis seinare ned i skogsområde etter beite i fjellbjørkeskog og stølsdalar. Dette gjer at uttaket skjer seint på året. Det er ein nedgang i sett hjort i utmark utan at det er nokon total nedgang. Tala for sett hjort på innmark er springande, med markant høgare tal for nokre år. Vårtelingane på innmark har ei auke dei to siste åra, her er tidsserien for kort til å kunne sei om dette er tilfeldig pga vekslande værtihøve eller om det er ein trend. Observasjonane gjort av jegerar og rettighetshavarane i siste 5 årsperiode peikar likevel i same retning som talmateriale mot at hjorten bruker mindre tid på beiting i skog i høve til alternative beiter (høgareliggande område og innmark).

6.1.2 Hovedtrekruter; internt og mot naboområder

I Figur ser ein dei viktigaste lengre trekrutene for hjort i Vik. Rutene går begge vegar, og dei fleste er dyr som skiftar mellom fleire faste tilhaldstader, og dyr som trekk mellom sesongbeiter. Døme på det siste er trekka frå bygdenære skogsområde og over i tilgrensande dalar, gjerne gamle stølsdalar. Ein ser at hjorten like gjerne tek turen over eit fjellparti for å kome til nærliggande nabo-område som å gå langsetter lisida.

Av trekrutene som gjev genetisk utveksling med område utanfor bestandsplanområde er det to trekkområde som kan reknast som dei viktigaste. Det eine er trekk frå Fresvik over til Dyrdal (Aurland kommune) og Jordalen (øvst Vik, lengre ned Voss kommune) dei viktigaste. Det andre er trekk mellom dei vestlegaste delane av bestandsplanområdet (Alrek –Stavedalen) og Ortnevik, der det viktigaste går over Hegrefjellet, og der det elles også er noko utveksling i lisida langs fjorden. Eit tredje høvesvis viktig trekk går dessutan frå dei bratte sidene i vest, med Stavedalen og Sylvarnesdalen, over Kleivfjellet via Hanekambdalen og ned til Modalen (Modalen kommune). Dei andre rutene som går over fjellet, vert nytta tur-retur, dvs. at dyra besøker dalen for beiting, og kjem att om hausten. Gode døme på typiske slike sesongbeitetrekk er

- Tundalen i Fresvik, over til øvre delar av Fresvikjordalen og ei rute sør for Fresvikbreen, ned mot Seljedalen

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

- Trekk over Lægdaskard, mellom Fresvikåsen og Lægdene (i Aurland kommune)
- Trekk mellom områda kring Sylvarnesdalen og Stavedalen over til Vørvringdalens
- Trekk mellom Finden og Finnebotn over til Vørvringdalen
- Trekk frå Finnabotn og frå Indrefjorden og Framfjorden og opp i stølsområde i fjellet

Vik kommune har vore med i merkeprosjektet Hordahjort. 5 av dyra som har vore merkte med GPS-sendar i prosjektet har vore i Vik kommune, mellom desse er 4 merkte i kommunen. Eit av desse fire trakk ut av kommunen under merkeperioden. Resultata frå merkeprosjektet fortel om ulike strategiar og alminnelege avstandar for trekk hjå hjort i regionen. Utvalet av merka dyr er for lite til å gje spesifikk kunnskap som gjeld for stamma i Vik isolert sett (n=4 for heile kommunen, og når det gjeld døme på ulike strategiar i høve trekk kjem ein heilt ned på einskilddyr. Materialet er difor ikkje statistisk signifikant). Dei aktuelle dyra har oppført seg slik:


Ein bukk har trekt ut av sin tilhaldstad i Fresvik og slege seg ned i Jordalen. Dette er ein ung bukk, og ei slik åtferd vil vere naturleg for unge hanndyr i ein viltart der ein hann betjener fleire hodyr, med unnatak av reinsdyr der bukkar i fleire aldrar dannar eigne bukkeflokkar. At ein ung bukk emigrerer fortel lite om den stadeigne stamma i området, men det fortel at ein har ein positiv genetisk utveksling med eit større område. Den andre merkte bukken har trekt over fjellet mot Vik frå Voss kommune. Bukken har snudd før han kom inn i beiteområda til hjortestamma i Vik, og returnert tilbake til sin hovudtilhaldstad i Voss kommune. Når det gjeld kollene i datasettet har me ei eldre kolle med ein svært snever krins. Ho held seg innanfor grensene til eitt einskild vald heile perioden. Den andre kolla er i sin beste reproduktive alder. Ho har eit tydeleg trekkmønster der ho nyttar eit område i kalvingstida og eit anna, på seinsommar, haust og vinter. Denne kolla veksler mellom to tilgrensande vald.

Elles syner hovudkonklusjonane i Hordahjortprosjektet (Meisingset 2013) at ein har stor variasjon i trekkmønsteret hjå hjorten. Ulike individ valde ulike strategiar. Ein strategi veljast av typisk stasjonære dyr, som lev innanfor eit avgrensa område, og det er kort geografisk avstand mellom sommar og vinterområde. Dei sokalla trekkdyra valde ein strategi med større distanse mellom sommar og vinterområde, og bevegde seg meir. Berre ein liten andel av dyra migrerer, dvs. slår seg ned ein annan plass enn fødestaden, og mellom desse finn ein mest berre bukkar.

Ein såg at innanfor Hordahjortprosjektet (Hordaland og Sogn og Fjordane), hadde kollene eit gjennomsnittleg trekk på 12,9 km. medan bukkane hadde 15,7 km. Det vart konkludert med at kring 49% av kollene kunne rekna som stasjonære og ca. 51% som trekkande. For bukk var 32% rekna som stasjonære og 68% rekna som trekkande. Mellom bukkane utvendra ca. 8%. Truleg vil ein i Vik kommune finne både kategorien stasjonære og hovudvekta av kategorien trekkande innan for kommunens eigne grenser, pga utforming og avgrensing av kommunen. 50% av kollene trekker mindre enn 10 km. ila eit år, medan berre 17% trekker meir enn 20 km. For bukk er tala hhv. 38% mindre enn 10 km og 30% meir enn 20 km.

I område med variert topografi var tendensen til å trekke større, men dette vart igjen motverka dersom den lokale topografin var særleg variert, dvs. med korte avstandar mellom ulike vegetasjonstypar. Det siste må kunne seiast om Vik. Dette støttar dei lokale oppfatningane av at utvekslinga mot nabokommunane er liten. Det er langt over fjellet til moglege sommarområde i nabokommunar, med unnatak av trekka som nemnast over. Berre eit fåtal av dyra frå det aktuelle område nyter desse trekka.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024



Figur 3 – Resultat fra Vik kommune fra prosjektet Hordahjort.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

Det er interessant å merke seg frå prosjektresultata at andelen trekkande dyr ser ut til å være større i område med tett bestand. Det vart og funne ein ulikskap i tidspunktet for hausttrekk av dyr som nytter høgtliggande fjelldalar og anna høgtliggande område, der trekket skjer seinare i område med dei tettaste bestandane.




Figur 4 Dei viktigaste trekrutene for utveksling mot naboområde og trekk mellom årstidsbeiter. Kart i større format vedlagt.

6.2 Bestandsutvikling

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort og lokalkunnskap. Under føl ei samanstilling av ulike data.

Fellingsstatistikk:



Figur 5 Tildelte løyver og felte dyr syner ei auke i perioden 2004 – 2008. Deretter flata tildelinga ut, men framleis med ei svak vekst. Veksten i kvote i denne perioden er ikke reflektert i talet på felte dyr mellom 2010 og 2015. I 2016 gjekk tildelte løyver litt ned medan fellinga gjekk litt opp. Tildelte løyver gjekk opp i 2017, fellinga gjekk opp meir enn tilsvarende auke. I 2018 sank både tildeling og felling, fellinga gjekk ned til tilsvarende 2015. I siste planperiode, 2019-2021, har både kvote og felling hatt ei sterkt vekst, 2021 vart det tildelt ekstraløyve på 51 løyver, fellingsprosenten på rekordhøge 94,6%.

Verd å notere seg frå fellingsstatistikken er at kvoten auka kvart år i åra 2010, 2011 og 2012 (hhv 389, 400, 412 løyver), men samstundes gjekk talet på felte dyr ned i for kvart år. I 2013 og 2014 gjekk tildelinga noko ned (ca. 2010). Fellingane gjekk og litt ned men ikkje tilsvarande, og den flata ut. I 2015 gjekk tildelinga

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

ganske mykje opp (ca. 440), som eit tiltak mot skade. Fellingsprosenten i tiårsperioden 2004 – 2014 varierar frå 64,6 til 85,5 med snitt på 74,5. I perioden 2011-15 var fellingsprosenten i snitt på 76,2 men dei tre siste åra av desse (2013-15) låg den under 75.

Avskyting og måloppnåing av bestandsplanen 2016-21

Innanfor bestandsplanområdet har fellingsprosenten i dei to gjennomførte bestandsplanperiodane samla vore på 85,3% og 87,2%. For kommunen i sin heilskap var fellingsprosenten på hhv. 79,2 og 86,7 samla for periodane. Dette peikar mot at samarbeidet gjennom bestandsplanen har bidrige til å auke fellingsprosenten, og med det gjere treffsikkerheita i forvaltinga større. Heile 9 av 15 vald har hatt over 80% felling i første periode, og 11 av 18 hadde tilsvarende i andre periode. 7 av 15 vald har hatt over 90% felling i første periode og 8 av 18 i andre periode.

Tabell 3: gjennomført bestandsplanperiode 2016-2018

Vald i bestandsplanen	Løyve 3 år	Felt 2016	Felt 2017	Felt i 2018	Felt 3 år	Fellings% 3 år
Seim	27	1	8	9	18	66,7
Eitrestrondi	15	3	3	0	6	40,0
Hauglum/Bungum	20	6	8	6	20	100,0
Dale	35	4	5	5	14	40,0
Hanekamb	9	2	3	0	5	55,6
Alrek	9	3	3	0	felt 2 dyr i 2018, melde seg ut)	
Snytta	21	7	8	6	21	100,0
Feios Storvald	123	34	46	32	112	91,1
Fresvik Storvald	144	42	51	40	133	92,4
Hovsmarki	19	7	6	6	19	100,0
Strendene	29	7	6	6	19	65,5
Vik Vest Storvald	222	55	82	65	202	91,0
Arnafjord Storvald	90	29	29	14	72	80,0
Vik Aust Storvald	291	73	98	80	251	86,3
Borlaug Indre	7	3	2	2	7	100,0
Sum		276	358	271	905	85,3
Mål i 3-års perioden		1061	fellings%			
Felt i 3-års perioden		905	85,3			

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

Tabell 4 – gjennomført bestandsplanperiode 2019-21

Vald i bestandsplanen	Løyve 3 år	Felt 2019	Felt 2020	Felt i 2021	Felt 3 år	Fellings% 3 år
Seim	29	4	5	6	15	51,7
Eitrestrondi	18	4	1	4	9	50,0
Hauglum/Bungum	26	8	7	10	25	96,2
Dale	36	3	6	6	15	41,7
Hanekamb	12	3	4	3	10	83,3
Snytta	42	13	14	14	41	97,6
Feios Storvald	182	44	55	66	165	90,7
Fresvik Storvald	264	55	76	89	220	83,3
Hovsmarki	23	6	7	5	18	78,3
Strendene	36	5	10	14	29	80,6
Vik Vest Storvald	222	69	63	78	210	94,6
Arnafjord Storvald	90	22	26	37	85	94,4
Vik Aust Storvald	315	85	101	113	299	94,9
Heljedalen	5	1	3	1	5	100,0
Storagjelet	9	2	2	3	7	77,8
Borlaug Indre	13	4	3	5	12	92,3
Hanekmdalen	5	0	1	1	2	40,0
Hallsetdal	12	0	1	0	1	8,3
Sum	1339	328	385	455	1168	87,2

	felte	tildelte	Felling %
Mål i 3-års perioden *	1030	1290	80
Resultat i 3-års perioden *	1168	1339	87,2*

*inklusive tilleggskvote

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

Kvotefastsettinga jfr. bestandsplan 2016-19 skulle ha ei fordeling etter kjønn og alder slik:

25% kalv

18% 1,5 års bukk

17% 1,5 års kolle

20% voksen kolle

20% voksen bukk

Etter gjennomførte periodar ser ein at uttaket har vore i tråd med desse måla på ein særstilt tilfredsstillende måte. Det er ikkje felt for mykje av nokon kategori i høve til tildelingane fordelt over 3 år. Det er totalt sett felt fleire hanndyr enn hodyr, dette skuldast ei høgare andel han mellom kalvar særleg og dels 1½ -åringar.

Tabell 5: Kjønns- og aldersfordeling i uttaket

Periode 1: 2016-19

Kategori	Hannkalv	Hokalv	Hanndyr 1 ½ år	Hodyr 1 ½ år	Hanndyr eldre	Hodyr eldre
Resultat i %	12	13	20	16	19	19
Mål i planen	25 % kalv		18	17	20	20

Periode 2: 2019-21

Kategori	Hannkalv	Hokalv	Hanndyr 1 ½ år	Hodyr 1 ½ år	Hanndyr eldre	Hodyr eldre
Resultat i %	16	12	18	16	19	19
Mål i planen	25 % kalv		18	17	20	20

Tabell 6: Oppsummering av utviklinga i stamma og endringar i avskytinga innanfor tidsperioden med gode fellingsstatistikkar.

1986-1991	Uttaket varierer opp og ned i perioden frå nesten 70 til like under 50.
1992-1999	En markant auke frå 1991 til 1992, kor en vidare finn ei stabilisering på nytt nivå, men framleis med gradvis, svak auke. Ny, større auke i uttak (større fellingsprosent, ikkje fleire løyve) i 1998, som ga eit hopp i tildelte løyve i 1999 (utan høgare uttak akkurat dette året).
2000-2004	Høvesvis stabilt uttak, på noko høgare nivå enn på 90-talet (endringa skjedde ca. 1998).
2005-2007	Stor auke i uttak med auke i løvetildeling som fylgte eit hakk bak utviklinga i avskytingsgrad. Høge fellingsprosenter, stamma er i tydeleg vekst. Kvifor vaks stamma?
2008-2010	Auka held fram, men meir langsamt
2010-2013	Veksten stagnerar og uttaket stabiliserast, auke i kvoter gjev ikkje utslag i auka felling

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

2013-2016	Stamma vert halde på eit stabilt, høgt nivå. Jfr. slaktevekter toler områda mengda med dyr i høve beitegrunnlag. Men stamma er historisk høg, og det vert viktig å registrere evt. skade grundig, og vurdere storleiken på stamma med jamne mellomrom.
2017-2019	Stamma er framleis høg, i 2017 settast rekord for både tildelte løyver og felte dyr, og med ein særskilt høg fellingsprosent for kommunen (88%). Ein hard vinter 2017/18 fører til ei nedgang, men framleis ligg løyver og uttak på det nivået stamma gjekk inn i kring 2009/2010.
2019-2021	Talet på felte dyr auka kvart år i perioden, også vårteljing syntes auke.

Uttaket av vaksne hodyr auka kraftig i 2007 og vart halde høgt til 2011. Dette skjedde som fylgle av at fleire storvald ynskte å auke andelen storbukk, og at ein nokre stader ville senke bestanden ved å ta ut produksjonsdyr. Veksten stagnerte, men ein fekk ei stamme med mykje unge dyr. Trass auka i avskytinga av vaksen kolle snudde uttaket til å få ein liten overvekt av unge dyr (kalv og 1,5-åringar). Som ei motvekt vart uttaket av vaksen kolle igjen senka i 2012, og ein byrja å auke andelen ungdyr i uttaket enno litt til. Fram til kring 2016 heldt uttaket seg høvesvis stabilt i tal dyr, men der uttaket av ungdyr auka samstundes som uttaket av produksjonsdyr minka. I perioden 2006 til 2011 tok ein også ut totalt sett fleire hodyr i høve til hanndyr enn i periodane før. I 2012 kom ei forskriftsendring som gjorde det mogleg å tildele spesifikke løyver på 1,5 års bukk, og i 2013 til 15 har uttaket av spissbukk gått monaleg opp.

Tabell 7: Utvikling i kvote og avskyting. Bestandsplanstyret ynskjer 11,6% auka kvote i høve til førrre periode.

Periode	Tildelt totalt	Tildelt, snitt pr. år	Planmål tildeling pr. år (snitt)	Felt totalt	Felt, snitt pr år	Planmål pr. år	Fellingsprosent	% endring, fellings	% økt kvote
2013-15	1073	358		784	261		73,1		
2016-18	1077	359	354	905	302	266	84,0	15,4	0,4
2019-21	1339	446	430	1168	389	344	87,2	29,1	24,3
2022-24 ?	1597		532,3			452,5	85	?	11,6
Dispensasjon for å fråvike planen i 2021, tilleggsløyver.									


I perioden 16 – 21 har totaluttaket auka medan andelen kalv- og ungdyr har halde seg stabilt høgt, i overkant av 60%. Dette gjer at ein no har ei stamme med stor produksjonsevne sett i høve til storleiken på stamma. Det er ungdyra som utgjer «produksjonoverskotet» i ei viltstamme.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

Det manglar objektive tal for skadeomfang på innmark og skog, men korkje landbrukskontoret eller valdleiarane har motteke klager eller andre signal på auka skadeomfang frå hjort. Utanom ekstremvinteren 2017-18 har ein ikkje hatt målbar auke i trafikkdrepne dyr.


Ein stor andel storbuukk i ei hjortestamme gjev tidleg brunst på kollene og med det store og sterke kalvar. Leiarane av storvalda erfarer at ei etter fleire års redusert felling av storbuukk har andelen av desse auka i storvaldet. Dette er gjort gjennom ei kvote som har lege på 20% bukk i snitt, og der ein samstundes har vore bevisste på å spare dei største bukkane og ta ut meir mellombukk og småbukk. Regulering av kvota aleine vil ikkje være nok til å auke andelen av den verkelege storbukken, ein lyt samstundes gjere bevisste val i valdet. Også i bestandsplanperioden 2016-19 låg bukkeandelen på dette nivået, noko som verkar vellukka. I den harde vinteren 2017/18 var andelen vaksen bukk truleg høg mellom dei dyra som døydde. Det er så store mørketal på omkomne dyr at ein ikkje har nokon reell statistikk som kan syne fordelinga mellom dei daude dyra. I 2017 og 18 vart det felt mindre bukk i høve til kolle samanlikna med 10-året bakover. I siste bestandsplanperiode var uttaket av vaksen bukk og vaksen kolle likt.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024




Figur 6 Felte dyr fordelt på alder og kjønn. I 2013 og 14 auka uttaket av spissbukk markant medan uttaket av vaksen bukk gjekk noko ned. Merk det høge uttaket av bukk i høve til kolle for åra 1996 – 2006. Toppen ein fekk på avskytinga i 2017 er i stor grad kolle med kalv og dels ungdyr, særleg spissbukk. I siste planperiode er det felt like mykje voksen kolle som voksen bukk, og i 2021 vart det felt meir voksen kolle enn bukk. Bakover i tid har me fått eit redusert totaluttak året etter ei slik fordeling.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024




Figur 7 Fordelinga mellom ungdyr og vaksne (produksjonsdyr) i uttaket er no truleg optimalt, med i overkant av 60% unge dyr og kalvar, noko som gjev god produksjon..



Figur 8 Ein ser ei auke i uttaket av hanndyr i høve til hodyr frå 2012-16, i hovudsak i form av færre hodyr og stabilt uttak av hanndyr. Under det høge uttaket i 2017 vert dette mønsteret brote, og det er felt like mange hodyr som hanndyr. (I perioden er det og skote meir hannkalv enn hokalv). Stor vinterdødelelighet på voksen bukk har truleg og bidrige til at uttaket av hodyr og hanndyr var jamnare i 2018, sjå figuren over. I det høge uttaket i 2021 vart det felt ein høg andel hodyr i høve til historikken bakover.

Ungdyrvekter, 2016-2021, Vik kommune



Figur 10 Slaktevekter for kalv og ungdyr syner ei nedgående trend om ein legg inn ei trend-line.


Vårteljingar:

Fellingsstatistikken kan tyde på ei høvesvis stabil stamme siste 5 åra i åra før ein fekk bestandsplan. Innanfor perioden 2016 – 18 har ein hatt ein oppgang etterfylgd av ein nedgong. Det var stor avskyting i 2017, der ein og vrei på kjønnsforholdet samanlikna med dei siste åra, slik at det vart felt like mange hodyr som hanndyr. I 2018 gjekk tala ned att. Vinteren 2017-18 var særskilt hard og med ein sein vår, dette har truleg hatt innverknad på tala.

Det har vore gjennomført vårteljingar på faste teljepunkt på innmark kringom i kommunen. Vårteljingane har sidan 2010 vore gode, og systematisk gjennomførte (sjå vedlegg 1). Frå 2014 og framover har ein hatt ei vekst i teljeresultata sentralt og i aust. Auka har skjedd høvesvis parallelt i desse teljeområda, slik at endringane har fylgd kvarandre, fram til 2018. Dei tre vestlege teljeområda, dvs. dei som ligg i Arnafjord, har vore stabile fram til 2018. Siste periode har også desse hatt noko vekst, men i mykje mindre grad enn dei andre. I 2018 fekk me ein nedgong etter ein hard vinter 2017-18, og vidare nedgong til 2019. I 2020 og

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

vidare, i 2021, fekk me ei auke som meir enn tok att reduksjonen, slik at 2021-teljinga gav rekordtal. I siste planperiode (2019 – 21) skil Feios og Fresvik seg ut med ei større auke enn i dei andre teljeområda.



Figur 11, samandrag av vårteljingar. Om ein samlar resultata over tre år om gangen vil ein sjå ei jamnare kurve, med totalforskjellen mellom dei to gjennomførte planperiodane som mindre dramatisk. Auka dei siste to åra er likevel viktig å være merksam på.

Ang. datasettet «sett hjort»

Registrering av «sett hjort» har til no (2022) vore lite nytta i valda. I 2016 var konklusjonen at skjema ikkje var fylt ut på korrekt måte kringom i valda.

Hjorteviltrådet meinte då at datasettet vart missvisande og ikkje eigna som forvaltingsverktøy. Hjorteviltrådet har tidlegare vedteke å prioritere gjennomføring av gode vårteljingar framfor å freiste å forbetre utfyllinga av «sett hjort».

Dei siste åra har Miljødirektoratet betra jegerappen Sett- og skutt monaleg. Det er laga eit system der jeger legg inn felt vilt, og valdleiar kontrollerer før innsending av fellingsrapport. Når dette fungerer slik det er meint sparer den mykje arbeid for valdleiar, og bidreg til å gjøre jeger til ein meir bevisst deltar i forvaltinga. Det vil og være positivt for forvaltinga av stamma og bestandsplanområde om ein fekk ein meir aktiv innlegging av hjorteobservasjonar gjennom appen.

Vald og jegerar vert frå inneverande planperiode oppmoda om å bruke open Sett- og skutt.

6.4 Skog- og avlingsskade

Skade frå hjortevilt på innmark er moderat og skade på skog er høg for kommunen. Nokre eigedomar har eller har hatt vesentleg skade, både på ungskog og på innmark. Både frukttre og eng, og særleg attlegg (nysådd), er utsett for skade. Skadane er i liten grad dokumenterte og rapporterte inn til kommunen. Det er tidlegare gjennomført reduksjonsavskyting for å minske skade i Fresvik Storvald og i Vik Vest Storvald. Det ligg ikkje føre nokon samla oversikt over beiteskade frå hjort i kommunen. Dei mest utsette plassane for hhv. skogskade og innmarksskade vart peika ut av Vik hjorteviltråd under planarbeidet i 2016, og finst i kart i vedlegg 2. I tillegg er det kome inn eit sterkt varsel om beiteskade på skog, skadane er omfattande og situasjonen er vurdert av skogrådgjevar i indre Sogn, Torkjell Dyrdal, som svert alvorleg for dei som er råka. Undersøkingane som ligg til grunn for varselet er gjort i Feios inklusive Borlaug Indre og på Ligtvor. For nokre av felta med skade er nedbeitinga skildra som ekstrem, og flater som skulle hatt jamn tilvekst har ikkje rekrutteringsplanter i det heile. Dette gjeld særleg nedbeiting av tilvekst på hogstfelt. Det er og påvist skade på ungskog.

Det er trong for ei betre rutine for registrering av beiteskade (sett opp som tiltak i tiltaksplanen). Dette gjer det mogleg å justere uttaket gjennom kvote og intern fordeling av uttaket. Det vil og vere nyttig for grunneigar og auke sjansen for å motta stønad for avbøtande tiltak. Det vert sterkt tilrådd å etablere rutinar for dokumentering av beiteskade, sjå tiltaksplan, kap. 7.3

Vik kommune ynskjer å halde nivået på skadefellingsløyve så lågt som mogleg. Det er gjeve berre heilt få skadefellingsløyver dei siste 8 åra, to vedtak med høvesvis to vedtak, begge på 2 løyver er gjort i 2010, 2 og 3 løyver (det siste seinare omgjort til 2 dyr og då berre bukk), er gjort i 2015, der det eine vedtaket gjeld for same område som eit av vedtaka i 2010, og to vedtak med 4 løyver kvar (2 kommer og to kalv) på kvar i 2018. Nivået på skadefellingsløyve gjev ikkje eit rett bilet av skadeomfanget. Kommunen manar til samarbeid mellom grunneigarane, slik at jakttrykket kan haldast høgt i skadeutsette område. Då vert trøngen for skadefellingsløyve liten. Etablering av storvald er ein god modell for eit slikt samarbeid. Det vert og oppmoda om å samarbeide om å setje opp hjortegjerde mellom utmark og innmark over fleire eigedomar i lag i område som er utsett for beiteskade.

Viktigaste tiltak mot beiteskade er auka samarbeid for uttak av hjort i skadeutsette område og oppføring av hjortegjerde.

For finansiering av hjortegjerde finst det moglegheiter til å söke om næringstilskot hjå Vik kommune. For større samarbeidsprosjekt vil det og vere mogleg å söke Innovasjon Norge. Begge finansieringskjelder fordrar samarbeid mellom fleire eigedomar, slik at ein kan oppnå eit samanhengande gjerde mellom utmark og innmark framfor full inngjerding av ein og ein teig.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

gjer skade på innmark og skog. **Fordelinga kan avvikast innanfor eit rimeleg avvik for einskildår og på valdnivå, det er sluttsummen for bestandsplanområde som skal gjelda.**

7.2 Fordeling på valda

Tal løyver for kvart vald er gjort som etter innspele frå valda, og elles etter ei fordeling med utgangspunkt i planen sitt gjennomsnittlege bakgrunnsreal, dvs. 450 daa pr. løyve. Fordelinga på valda gjort er på bakgrunn av erfaringar frå gjennomførte bestandsplanperiodar, inklusive reelt avskytingsnivå og skadeomfang slik valda sjølve har vurdert det. Det er lagt inn eit auka løyvetal (redusert bakgrunnsreal) på fleire vald, på bakgrunn av erfart skade og ynskje om å redusere talet på dyr lokalt. Me vil be om at det vert gjeve tillating til fråvik av minsteareal, enten neverande eller nytt (jfr. tilrådinga om forskriftsendring, over), og syner til kommunen sitt høve til å fråvike minstearealet (+/- 50%, jfr. hjorteviltforskrifta § 7) slik at ein kan tilpasse uttaket til dei lokale tilhøva i det einskilde valdet, enten det går på bæreevne eller omsynet til skade. Me syner og til rundskriv M-478 om ny hjorteviltforskrift, og forklaringa til § 15, der det vert sagt at bestandsplanen bør oppmode kommunen om å gjøre slike vurderingar i samband med godkjenning av planen.

Alle valda har spelt inn ynskt kvote. Det er berekna forventa kvote ut frå areal, og vidare gjort ei vurdering for det einskilde valdet basert på innspelet. Innanfor bestandsplanområdet vil ein pga. planen unngå å få brøkrestar. Dette vil ikkje vere mogleg for vald utanfor bestandsplanområdet, då dei kun får tildelt kvoter år for år, strengt etter areal. Vald innanfor bestandsplanområde kan avtale å nytte løyver i andre vald etter behov og ynskje (frå begge partar), slik at det vert mogleg å auke uttaket i skadeutsett område innanfor bestandsplanområde. Avtalen lyt vere skriftleg. Vedlagt ligg ein mal som kan nyttast ven inngåing av avtale om samjakt (vedlegg 3).

Valda/medlemmane får tildelt kvoten for heile planperioden etter følgjande oppsett, der fordeling på kjønn og alder skal fylgje prosentvis fordeling som nemnd i kap. 7.1 (tabell neste side):

7.3 Tiltaksplan

Målet med punkta i tiltaksplanen er å auke kunnskapsgrunnlaget for å få ei god bestandsforvaltning. Vidare er det eit mål å førebygge skade slik at det i enda større grad vert samfunnsmessig forsvarleg å halde hjortestamma på det nivået den har i dag.

- Valda i bestandsplanområdet skal kvart år gjennomføre:
 - Vårteljingar etter same plan som har vorte fylgd sidan 2010. Det skal teljast 5 gonger i perioden mars – mai, der datoane vert fastsette av bestandsplanstyret eller evt. årsmøtet. Teljingane skal skje manuelt, utan bruk av termiske hjelpemiddel.

Merk: For å sikre at datasettet er samanliknbart mellom teljeområda og mellom ulike år, må alle nytte same metodikk i alle teljeområda, og etablert metodikk bør ikkje endrast så lenge den er vurdert som velfungerande. Dersom endring vert aktuelt må den skje i alle teljeområda samstundes og det må markerast i datasettet frå og med kva år ein gjorde endringa.

- Vald- og jegerar skal legge inn felt vilt i Sett- og skutt i Hjorteviltregisteret. Innlegginga kan gjerast på nett ved å logge inn på Hjorteviltregisteret: <https://www.hjorteviltregisteret.no/>, eller i eigen app for mobiltelefonar (både Android og I-Phone). Det vert oppmoda om å legge inn alle observasjonar. Lenke til rettleiing: <https://www.hjortevilt.no/wp-content/uploads/2019/08/settogsutnylosningforjakta2019.pdf>
- **Det vert sterkt oppmoda om å dokumentere beiteskade av grunneigar innan 1. juli kvart år med kartfesting med arealavgrensing, foto og eigne notat over oppstått skade på**
 - Ungskog
 - Eng
 - Frukttre
 - Bærfelt

Notatet sendast valdleiar som rapporterer til bestandsplanstyret.

- Registrering av sjølvdaude dyr. Alle funn av daude dyr skal rapporterast til kommunen med dato for funn, lokalisering og alder/kjønn på dyret om mogleg.
- Det skal arbeidast bevisst med å fremje samarbeid mellom grunneigarar for oppføring av felles hjortegjerde mot utmark.
 - Ved oppføring av hjortegjerde er det viktig med oppsetting av gode grinder langs stiar og traktorvegar. For stiar vert det tilrådd å nytte sluse med svingbar port.

7.4 Evaluering og rulling av planen

Planen skal evaluerast direkte etter avslutta jakt i 2023.

Arbeidet med rulling av planen skal setjast i gong i januar 2025 og være klar for vedtak innan 1. april 2025. Rullinga skal basere seg på oppdaterte datasett frå fellingsprosent, føring og skadeomfang. Den skal minst vurdere:

- Målet for hjortestamma
- Storleiken på kvota
- Samansettinga av uttaket fordelt på kjønn og alder
- Fordelinga mellom valda
- Tiltaksplan utover avskyting

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024

Kjelder

Meisingset, E. L. 2003. Hjort og hjortejakt i Norge. Naturforlaget

Meisingset, E. L., 2013. Merkeprosjekt og utviklingsprosjekt hjort – Hordaland og Sogn «HordaHjort» 2008-2013 www.hordahjort.no Oppsummering av resultat for hjortens arealbruk. Bioforsk økologisk, Foredrag

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

NGU Berggrunn, netteneste: Berggrunnskart 1: 250 000

NGU Lausmassar, netteneste, Kvartærgeologiske kart 1: 250 000

SSB, utskriftar pr. des. 2021. Statistikkar over felt hjortevilt i Vik kommune

Vik kommune 2012. Strekningar utplukka for skilting og rydding – tiltak mot hjorteviltpåkjørsler i Vik kommune. Brev til Statens vegvesen datert 23.03.2012

Vik kommune 2021. Vårteljingar av hjort for åra 2012 - 2021

Munnlege kjelder:

Vik hjorteviktråd 2015 -16: Tore Røyrvik, Geir Ove Bøthun, Ingvar Vangsnes, Ola Engum, Omar Vangsnes, Harald Hanekam

Veronika Seim Bech, landbrukskontoret i Vik kommune

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

VEDLEGG 1: Vårteljingar 2010 – 2021

Datoar 2010:	16.mar	25.mar	06.apr	15.apr	22.apr
Datoar 2011:	21.mar	28.mar	07.apr	18.apr	26.apr
Datoar 2012:	26.mar	04.apr	12.apr	23.apr	03.mai
Datoar 2013:	21.mar	04.apr	18.apr	29.apr	13.mai
Datoar 2014:	20.mar	03.apr	10.apr	22.apr	06.mai
Datoar 2015:	24.mar	07.apr	16.apr	27.apr	06.mai
Datoar 2016:	22.mar	05.apr	14.apr	26.apr	04.mai
Datoar 2017:	22.mar	05.apr	18.apr	26.apr	04.mai
Datoar 2018:	21.mar	04.apr	18.apr	02.mai	09.mai
Datoar 2019:	20.mar	03.apr	17.apr	02.mai	08.mai
Datoar 2020:	18.mar	01.apr	15.apr	29.apr	05.mai
Datoar 2021:	17.mar	31.mar	14.apr	28.apr	05.mai

NB: faktisk teljedato kan varierer eit par dagar før eller etter planen

Strekning	År	Teljing 1	Teljing 2	Teljing 3	Teljing 4	Teljing 5	gj. snitt
Otterskred	2010	2	2	2	2	2	2
	2011	2	2	2	2	1	2
	2012	0	3	1	4	3	2
	2013	0	0	0	0	3	1
	2014	2	0	2	0	0	1
	2015	2	3	3	7	6	4

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

	2016	0	4	3	8	1	3
stabilt	2017	0	3	0	5	0	2
stabilt	2018	2	4	2	0	0	2
stabilt	2019	3	2	5	2	0	2
stabilt	2020	3	3	5	0	0	2
auke	2021	3	5	7	5	1	4
Nese - Tenne - Indrefjord - Halset							
	2010	8	15	17	34	41	23
	2011	19	35	43	50	19	33
	2012	31	29	47	29	10	29
	2013	17	25	31	39	34	29
	2014	21	47	34	35	21	32
	2015	53	63	59	29	35	48
	2016	15	28	26	49	42	32
svak nedgang	2017	18	27	50	24	18	27
stabilt	2018	33	30	38	22	18	28
svak nedgang	2019	35	62	23	0	4	25
auke	2020	41	33	39	36	29	36
auke	2021	53	39	60	28	41	44
Framfjord - Dale							
	2010	2	11	7	6	16	8
	2011	0	2	9	9	6	5
	2012	3	10	14		0	7
	2013		8	6	14	15	11
	2014		9		5		7

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

	2015	7	24	13	10	8	12
	2016	9	22	15	12	4	12
stabilt	2017	8	3	11	14	14	10
nedgang	2018	3	0	9	6	3	4
auke	2019	7	15	6	14	1	9
auke	2020	8	28	10	8	8	12
auke	2021	10	16	16	17	20	16
Limmesand - Bødalen							
	2010	62	84	92	96	139	95
	2011	35	102	132	99	104	94
	2012	89	77	142	95	64	93
	2013	50	71	42	93	72	66
	2014	62	160	128	88	44	96
	2015	145	125	191	169	127	151
	2016	66	99	116	157	107	109
sterk auke, ny rekord	2017	98	213	206	208	94	164
nedgang	2018	147	161	168	156	101	147
nedgang?	2019	106	169	92	43		82
stor auke!	2020	175	146	197	117	83	144
noko auke	2021	163	142	197	186	138	165
Hove - Ovridsdalen							
	2010	0	3	19		14	9
	2011	0	0		6	15	4
	2012	5	13	13	11	19	12
	2013		6	4	10	36	14

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

	2014	0	8	19	43	13	17
	2015		28	39	43		28
	2016		0	18	29	41	22
auke, ny rekord	2017	5	21	38		64	32
vanskeleg å beskriva	2018	0	65	5	36		27
stabilt/ned?	2019	0	22	48	29	37	27
auke	2020		18	38	32	49	34
likt	2021	21	12	25	46	69	35
Vikøyri - Seljadalen - Åse							
	2010	28	30	43	53	52	41
	2011	31	50	54	73	73	56
	2012	40	37	47	70	71	53
	2013	17	13	20	61	63	35
	2014	44	69	88	69	99	74
	2015	84	80	113	82	91	90
	2016	41	65	78	90	106	76
sterk auke, ny rekord	2017	48	55	132	142	95	94
stor nedgang	2018	44	25	28	90	54	48
stabilt?	2019	32	62	64	29	49	47
stor auke!	2020	80	65	78	60	104	77
auke	2021	53		67	131	91	86
Gotevik - Vangsnes							
	2010	15	11	11	29	39	21
	2011	0	21	24	25	30	20
	2012	4	18	27	13	17	16

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

	2013	11	5	9	38	41	21
	2014	14	36	39	24	5	24
	2015	36	64	74	58	46	56
	2016	28	56	58	66	42	50
litt nedgang	2017	61	24	50	62	16	43
litt auke?	2018	61	40	75	41	14	46
nedgang?	2019	60	56	22	9	6	31
noko auke	2020	31	42	55	33	29	38
noko mindre (stor aktivitet i omr)	2021	13	21	40	41	27	28
Feios							
	2010	11	31	9	25	57	27
	2011	20	32	38	43	59	38
	2012	23	45	48	62	64	48
	2013	34	75	38	18	14	36
	2014	11	67	77	106	61	64
	2015	53	50	76	107	123	82
	2016		39	63	96	104	76
sterk auke, ny rekord	2017	30	80	110	130		88
nedgang	2018	57	47	74	117		74
nedgang	2019	38	73	85	48	73	63
(ikkje teljing)	2020						
stor auke	2021	51		122	120	158	113
Fresvik							
	2010	7	12	18	27	54	24
	2011	5	3	14	27	57	21

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

	2012	5	5	23	11	36	16
	2013		14	14	17	40	21
	2014		43	34	42	19	35
	2015		61	73	56	42	58
	2016	22	32	56	62	56	46
auke, ny rekord	2017	32	62	88	91	97	74
litt nedgang	2018			58	72	65	65
stabilt?	2019	62	66	47	26		50
stor auke!	2020	34	83	106	95	100	84
stor auke	2021		90	127	122	165	126
							0

Sum alle strekningane	2010	135	199	218	272	414	248
Sum alle strekningane	2011	112	247	316	334	364	275
Sum alle strekningane	2012	200	237	362	295	284	276
Sum alle strekningane	2013	129	217	164	290	318	224
Sum alle strekningane	2014	154	439	421	412	262	338
Sum alle strekningane	2015	380	498	641	561	478	512
Sum alle strekningane	2016	181	345	433	569	503	406
Sum alle strekningane	2017	300	488	685	676	398	509
Sum alle strekningane	2018	347	372	457	540	255	394
Sum alle strekningane	2019	343	527	392	200	170	326
Sum alle strekningane	2020	372	418	528	381	402	420
Sum alle strekningane	2021	367	325	661	696	710	552

Tomme rubrikkar betyr at det ikkje har vore gjennomført teljing.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022 – 2024, **VEDLEGG 1 - Vårteljingar**

24.06.2021

Veronika Seim Bech

Kommentarar

Høgt uttak i 2017, mange sjølvdauda dyr våren 2018 og normalt jakttutak hausten 2018 (298 dyr felt).

Vinteren 2018 -2019 har vore snill med hjorteviltbestanden, lite snø og mildt.

Vårteljinga tyder på framhald av nedgang i bestanden. Dette samsvarar med målet i 3-årig Bestandsplan for Vik hjorteviltområde. Me har truleg ein god fordeling på alder og kjønn i bestanden og bra med reproduktive koller. Truleg færre storbukk enn tidlegare avdi mange omkom våren 2018.


Vinter 2019 - 2020 var mild med lite snø i liene/låglandet.

2021 - 51 ekstra løyve frå kommunestyret til bestandsplanområdet (siste år i perioden) pga høgt teljeresultat særleg aust i kommunen.

BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022– 2024, VEDLEGG 2 - KART



BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022–2024, VEDLEGG 2 - KART



BESTANDSPLAN FOR VIK BESTANDSPLANOMRÅDE 2022– 2024, VEDLEGG 2 - KART



SAMJAKTSAVTALE - VIK HJORTVILTOMRÅDE

I samsvar med godkjend bestandsplan for Vik hjorteviltområde, og gjeldande reglar for utøving av jakt, vert det inngått følgjande samjaktsavtale mellom:

_____ og _____

Avtalen gjeld frå dato: _____ **til dato:** _____

Tal fellingsløyve som skal flyttast:				
Kalv	1,5 års bukk	1,5 års kolle	Vaksen bukk	Vaksen kolle
Området dyra kan fellast:				
Desse kan jakte:				
Særlege vilkår:				

Jaktfelt/vald: _____

Jaktfelt/vald: _____

Dato: _____

Dato: _____ Stad: _____

Stad: _____

(Sign. ansvarleg)

(Sign. ansvarleg)

Kopi skal sendast valdleiarane.